



Protokoll frå styremøte i NGIR

Tid: 28.04.2014, kl 13.30 – 15.30

Stad: Kjevikdalen

Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kari Torkildsen Utkilen, Harald Farestveit, Kristin Handeland, Vigdis Søvik (1. vara)

Frå styret møte ikkje:

-

Frå representantskapet møte:

-

Frå administrasjonen møte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar), Hilde Lysø (ref.)

Sakliste:

- Sak 05/14 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 06/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 07/14 Meldingar
 - a. Diverse munnleg orientering
- Sak 08/14 Rekneskap 2013
- Sak 09/14 Årsmelding 2013
- Sak 10/14 Honorar til revisor 2013
- Sak 11/14 Strategiarbeid *

** Denne saka er unnateke offentleg innsyn med heimel i Lov om offentleg forvaltning, § 14, "Dokument utarbeidde for eiga saksførebuing". Sakspapir og referat vert difor berre sendt til styret.*

Sak 05/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Sak 06/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokoll frå styremøte 09.12.13 og frå 10.03.2014 vart godkjent og signert.

Sak 07/14 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

1) Gjenvinningsstasjon Meland

Stasjonen i Meland er no ferdig bygd, men er enno ikkje formelt godkjent av kommunen. Stasjonen er planlagt opna for publikum onsdag 21. mai, med m.a. ordføraren i Meland til stades. I samband med opning av ny stasjon i Meland, vil opningstidene/-dagane for dei andre gjenvinningsstasjonane verte noko justerte.

2) Omlastingshall Kjevikdalen

Omlastingshallen i Kjevikdalen er no teke i bruk. Endeleg oppgjer med entreprenør er ikkje slutført, men det vil venteleg verte ei mindre overskriding av budsjettet.

3) Reguleringsplan Kjevikdalen

NGIR sitt framlegg til ny reguleringsplan i Kjevikdalen er snart klar for å leggjast ut på offentleg høyring. Planen omfattar både nytt areal til reinseanlegg, og noko utvida deponiareal.

4) Hytterenasjon

Mange hyttekonteinar vart tømde ekstra både før påske og i løpet av påska. Trass i dette, var det nokre stader det flaut med plass rundt konteinarane. I nokre tilfelle skuldast dette at folk ikkje sjekkar om det verkeleg er plass i konteinarane, før dei legg frå seg avfall utanfor. Administrasjonen vil gjennomgå statistikk frå hyttekonteinarane, og vurderer om det er behov for ytterlegare tiltak.

5) Reinseanlegg

NGIR har engasjert konsulent i samband med planlegging av reinseanlegg for sigevatnet frå deponiet i Kjevikdalen.

Styret tok dei munnlege orienteringane til vitring.

Sak 08/14 Rekneskap 2013

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2013	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	kr 1 637 685	kr 898 000	kr 739 685
Verksemd	kr 1 719 819	kr 0	kr 1 719 819
Slam	kr 817 562	- kr 283 000	kr 1 100 562
Bilvrak	kr 319 466	kr 0	kr 319 466
Totalt	kr 4 494 532	kr 615 000	kr 3 879 532

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad.

NGIR har i 2013 investert i varige driftsmidlar for 22,9 millionar kroner.

Langsiktig gjeld per 31.12.13 er kr 15 064 000, ein auke på kr 2 161 000 frå 2012.

Forpliktingane til etterdrift har auka med kr 1 313 000, medan pensjonsforpliktingane har auka med kr 847 000. NGIR hadde per 31.12.13 ingen langsiktig lånegjeld.

Avsetjing til utjamningsfond hushald og avsetjing til utjamningsfond slam er i tråd med sjølvkostprinsippet. Det vert føreslått å setja av kr 3 000 000 av overskotet til finansiering av sorterings- /omlastingsanlegg. Samla avsetning vil då vera oppe i kr 12 000 000. Resterande vert føreslått avsett til opparbeidd eigenkapital.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Avsetning til utjamningsfond hushald	575 026	6 371 861
Avsetning til utjamningsfond slam	848 686	2 816 180
Avsetning til miljøfond	0	9 500 000
Avsetning til sorterings-/omlastingshall	3 000 000	12 000 000
Avsetning til opparbeidd eigenkapital	70 820	35 224 960
Sum disponering	4 494 532	

Vedtak i styret 28.04.14:

	Disponering:	Sum etter disp.
Avsetning til utjamningsfond hushald	575 026	6 371 861
Avsetning til utjamningsfond slam	848 686	2 816 180
Avsetning til miljøfond	0	9 500 000
Avsetning til sorterings-/omlastingshall	3 000 000	12 000 000
Avsetning til opparbeidd eigenkapital	70 820	35 224 960
Sum disponering	4 494 532	

Sak 09/14 Årsmelding 2013

Utkast til årsmelding vart handsama av styret.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2013 fram for representantskapet for godkjenning.

Vedtak i styret 28.04.14:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2013 fram for representantskapet for godkjenning.

Sak 10/14 Honorar til revisor 2013

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2013 er sett til kr 43 000.

Budsjetterte kostnader for 2013 var kr 44 000.
Kostnaden for 2012 var kr 42 000.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 43 000.

Vedtak i styret 28.04.14:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 43 000.

Sak 11/14 Strategiarbeid

Denne saka er unnateke offentleg innsyn med heimel i Lov om offentleg forvaltning, § 14, "Dokument utarbeidde for eiga saksførebuing". Sakspapir og referat vert difor berre sendt til styret.

Kjevikdalen, 28.04.2014

Helge Fjellanger
-styreleiar-

Ottar Skjelvik
-styremedlem-

Harald Farestveit
-styremedlem-

Kari Torkildsen Utkilen
-styremedlem-

Kristin Handeland
-styremedlem-